

Eid fjord

0. Disposisjon

1. Kommune og bygder ➤
2. Lytt på dialekten ➤
3. Nokre særdrag ➤
4. Ein liten grammatikk ➤
 - 4.1. Lydverket ➤
 - a. Lydane ➤
 - b. Lydmønster ➤
 - 4.2. Bøyingsverket ➤
 - a. Substantiv ➤
 - b. Verb ➤
 - c. Adjektiv ➤
 - d. Pronomen ➤
5. Ord og uttrykk ➤
 - 5.1. Ordsamling ➤
 - 5.2. Uttrykk ➤
6. Forskjellar ➤
 - 6.1. Yngre og eldre dialekt ➤
7. Dialektprøver ➤
8. Kjelder ➤

1. Kommune og bygder

- Eid fjord kommune ligg i Hardanger.
- I 1964 blei kommunen slegen saman med Ullensvang, men blei ein eigen kommune att frå 1977.
- Areal: 1 502 km²
- Innbyggjartal per 1.1.06: 899
- Administrasjonssenter: Eid fjord
- Næringsvegar: Jordbruk, kraftproduksjon, turisme og småindustri (jern-, metall-, trevare- og betongindustri).

2. Lytt på dialekten

➤ L Klikk her og hør på opptak frå Eid fjord.

Tekst 1:

- Dette er eit skytespel då, som er stort blant folk som kjenner det, for å seia det sånn. Det er, i Sør-Korea går det 24:7 på, på TV då. Men det er jo ikkje såinne tilstandar i Noreg då, for å seia det sånn.
- Nei, men er det, er det, spelar du med folk i heile verda då, på ein måte?
- Ja, det, ja, nei. Det er litt vanskeleg. Har med internettforbindelsane, går litt seint, og. Ja, det er for langt for å seia det sånn då.
- Ja, okay, men kven, kven spelar du med då?
- Nei, då er det hovudsakleg folk i Noreg, Sverige, Danmark. Så du spelar jo og kampar då mot franskmenn eller ...
- Ja, nettopp.
- Men i mitt, på mitt lag er det tre nordmenn, ja fire nordmenn og ein svenske.
- Kjenner du dei?
- Ja, du sit og pratar med dei mens du spelar, og spelar når du ikkje spelar òg.
- Men du har aldri treft dei?
- Nei, ikkje personleg, nei. Det har eg ikkje. Men du føler du kjenner dei for det liksom.
- Kjem du til å treffa dei trur du?
- Ja, håpar no gjer eg.

Informant: Mann, fødd 1978.

Tekst 2:

- Eg trur i alle fall at kommunen har vore veldig flink. Du kan jo sjå at me har idrettshallen her borte, og i alle fall for idrettsinteresserte ungdommar så er det nok noko. Og så har dei ungdomsklubb. Ja, musikkskulen kjem jo inn. Og, ja, kulturtild, eg veit ikkje eg. Det har me vel ein del òg. Kommunen har overteke, har vel overteke kinoen òg.
- Ja. Ja, så kino er det inne her?
- Ja da, det er det. Der er kvar helg, eller. Så der er jo ein del andre ting òg. Sjølv om det er ikkje sikkert alltid folk stiller opp alltid på alt då. Men det er no sånn. Men, så eg trur kommunen, trur eg, du kan jo sjå berre med utstilling, eller den her skulpturutstillinga utanfor kommunehuset her. Det er jo kvart år no. Ja da, og dei har, når hotellet, Vøringsfoss hotell vart bygd nytt, det nye, så er jo kommunen med. Så der har dei jo fenge eit eige Bergsli-museum som er utstillingar, og der er det òg andre som får stille ut. Men kor mykje det er for, altså bygdefolk, der er det nok ein god del som er på sånt, men det er jo kanskje mest for turistar.

Informant: Kvinne, fødd 1943.

3. Nokre særdrag

Info om lydskriftsystemet. ➤T[eigen art.]

Dialekten i Eidfjord har dei vanlege sørvestlandske ➤T[eigen art.] og hardangerske ➤T[eigen art.] draga, dvs. at

- infinitivar ➤O endar på *-a* ➤T[eigen art.]K: *å kasta, å fara*
- svake hokjønnsord ➤O endar på *-a* i ubestemt form eintal ➤T[eigen art.]K: *ei dama, ei jente*
- det er forskjell i bøyninga på svake ➤O og sterke hokjønnsord ➤O i bestemt form eintal og dessutan i fleirtal i dei orda som ikkje skiftar vokal i stammen ➤O mellom eintal og fleirtal ➤T[eigen art.]K:

<i>jenta</i>	<i>jento</i>	<i>jentår</i>	<i>jentåna</i>
<i>skaol</i>	<i>skaolæ</i>	<i>skaoler</i>	<i>skaolena</i>
<i>fånn</i>	<i>fånnæ</i>	<i>fennår</i>	<i>fennåna</i>

- dei personlege pronomena i første person er *eg* i eintal og *me* i fleirtal ➤T[eigen art.]K
- ein har uttalen *ao* i ord som *aor, baot* og *skaol*, 'år, båt, skål', dvs. ord som har *å* i skriftmålet, og som hadde lang *a* (á) i gammelnorsk

4. Ein liten grammatikk

4.1. Lydverket

a. Lydane

Vokalane i dialekten er dei vanlege *a, e, i, o, u, y, æ, ø, å, au, ei, øy* og *ao*. Dessutan har ein "tilleggsvokalane":

- *ɛ*, som er ein open *e*-lyd.
- *ȳ*, som er ein open *y*-lyd.
- *ȷ*, som er ein open *u*-lyd

Konsonantane er dei vanlege me kjenner frå skriftmålet: *b, d, f, g, h, j, k, l, m, n, p, r, s, t, v*. Dessutan har dialekten desse "tilleggskonsonantane":

• *k̊, g̊*, som blir uttalte med å pressa fremre delen av tunga mot ganen litt lenger fram enn der ein uttaler *k* og *g*, og så opna for lufta med ein liten "eksplosjon". I fagspråket kallar me desse lydane for affrikatar. Dei svarar ofte til skrivemåten *kj* og *gj* i nynorsk: *tən̊k̊a, byd̊ga*

'tenkja, byggja'. Men desse to lydane veksler også ofte med *k* og *g* i bøyninga av ord, og det blir kommentert under substantiv ➤L.

ŋ, som ofte svarar til skrivemåten *ng*. Han blir uttalt med å pressa bakre delen av tunga mot ganen mens ein slepper lufta ut gjennom nasen. I fagspråket kallar me denne lyden for ein velar nasal.

Som dei fleste andre dialektane i Noreg har også dialekten i Eidfjord tonemforskjell ➤O, dvs. at det finst ordpar der tonegangen ➤O er den einaste tydingsskiljande faktoren:

- ‘*faren* (bestemt form eintal av *far*)
- ‘*faren* (bestemt form eintal av *fare*)

b. Lydmønster

- Mykje av vestlandsk har ikkje lyden *ŋ* anna enn framom *k* og *g*. I mange vestlandsdialekta uttaler ein *g* etter *ŋ* der andre dialekta ikkje gjer det. I Eidfjord heiter det såleis *ei ɛŋg*, mens det utafor Vestlandet heiter *ei ɛŋŋ* 'ei eng'.
- Etter *d*, *l*, *r*, *s* og *t* kan den trykklette stavinga *-en* bli uttalt som *'n*, dvs. at vokalen fell ut og *n*-en åleine blir uttalt som ei staving. Det kan altså for eksempel heita *jɛst'n* og ikkje *jɛsten* 'gjesten'.

4.2. Bøyingsverket

a. Substantiv

Hankjønn

Det dominerande bøyingsmønstret for hankjønnsorda blir vist nedafor. Ein del ord i denne gruppa endar på *-e* i oppslagsforma ➤O (*krabbe*), mens andre ikkje gjer det (*arm*). Me har difor plassert *e*-en i ein parentes.

- | | | | | |
|----|---------------|------------|------------|-------------|
| 1. | -(<i>e</i>) | <i>-en</i> | <i>-ar</i> | <i>-ane</i> |
|----|---------------|------------|------------|-------------|

Det vil seia at *arm* og *krabbe* blir bøygde slik:

<i>arm</i>	<i>armen</i>	<i>armar</i>	<i>armane</i>
<i>krabbe</i>	<i>krabben</i>	<i>krabbar</i>	<i>krabbane</i>

Ei gruppe hankjønnsord har *e* i fleirtalsendingane:

- | | | | | |
|----|---|------------|------------|-------------|
| 2. | — | <i>-en</i> | <i>-er</i> | <i>-ena</i> |
|----|---|------------|------------|-------------|

Slik går m.a. *bøkk* og *sau*, altså på denne måten:

bekk	bekken	bekk'er	bekkena
sau	sauen	sauer	sauena

Avvikande bøyning frå dette i hankjønn finn ein f.eks. i:

fot	foten/fot'n	fötter	fött'na
-----	-------------	--------	---------

På grunn av at endinga *-en* i *foten* står etter *-t*, kan ordet i bestemt form eintal få uttalen *fot'n*, jf. lydmønster ➤L. Det same ser me i *fött'na*.

Ein del ord som endar på den trykklette stavinga *-ar*, følgjer første bøyingsmønstret, men dei får samandraging ➤O i fleirtal:

spikar	spikar'n	spikrar	spikrane
hammar	hammar'n	hamrar	hamrane (i berg)
men: hammar	hammar'n	hammarar	hammarane (verktøy)

Hokjønn

Dei fleste sterke hokjønnsorda ➤O har dette bøyingsmønstret:

3.	-	-æ	-er	-ena
----	---	----	-----	------

Dermed får orda *býgd* og *skaol* slik bøyning:

býgd	býgdæ	býgder	býgdena
skaol	skaolæ	skaoler	skaolena 'skål'

Dei fleste svake hokjønnsorda ➤O har slik bøyning:

4.	-a	-o	-år	-åna
	veka	veko	vekar	vekåna

Svært mange hokjønnsord følgjer eit anna mønster, som har vokalen *-a* i fleirtal:

5.	-	-æ	-ar	-ane
----	---	----	-----	------

Slik bøyning har f.eks. *myr* og *ķæring*:

myr	myræ	myrar	myrane
ķæring	ķæringæ	ķæringar	ķæringane

Desse orda har avvikande bøyning frå dei to hovudmønstra i hokjønn:

nått	nåttæ	nëttår	nëttåna
bok	boķæ	bøkår	bøkåna
dåtte	dått(r)æ	døttår	døttåna 'dotter'

Inkjekjønn

Inkjekjønnsorda har desse bøyingsmønstra:

6.	–	–e	–	–œ
	<i>hus</i>	<i>huse</i>	<i>hus</i>	<i>husœ</i>
	<i>fjødl</i>	<i>fjødle</i>	<i>fjødl</i>	<i>fjødlæ</i>
7.	–e	–e	–e	–œ
	<i>eple</i>	<i>eple</i>	<i>eple</i>	<i>eplæ</i>
	<i>mærke</i>	<i>mærke</i>	<i>mærke</i>	<i>mærkæ</i>
8.	–a	–a	–år	–åna
	<i>jarta</i>	<i>jarta</i>	<i>jartår</i>	<i>jartåna</i>
	<i>nyra</i>	<i>nyra</i>	<i>nyrår</i>	<i>nyråna</i>

Palatalisering

Palatalisering kallar me det at ord som *bok* heiter *boķæ*, *dag* heiter *dajen*, *eng* heiter *enđæ* og *vegg* heiter *vędden* i bestemt form eintal. Ein *k* eller ein *g* framom endingane som blir nemnde nedafor, blir altså skifta ut med ein annan konsonant slik at *k* alltid blir skifta ut med *ķ* (jf. *bok*), mens *g* blir bytt ut med *đ* etter kort vokal (jf. *vegg*) og etter *n* (jf. *eng*) og med *j* etter lang vokal (jf. *dag*). I substantiva skjer denne palataliseringa framom endinga i desse tilfella:

- i eintal av hankjønnsord,
- i fleirtal av hankjønnsord som ikkje endar på –e i oppslagsforma,
- i eintal av hokjønnsord,
- i fleirtal av hokjønnsord med –er og –ena som endingar i fleirtal (dvs. klasse 3 ovafor), og
- i heile inkjekjønn.

b. Verb

Svake verb

Dei svake verba ➤O kan me setja opp i seks klassar med desse bøyingsendingane:

1. *kasta*-klassen:

-a -a -a -a

Slik bøyer ein kanskje dei fleste verba, f.eks.

<i>kasta</i>	<i>kasta</i>	<i>kasta</i>	<i>kasta</i>
<i>rækna</i>	<i>rækna</i>	<i>rækna</i>	<i>rækna</i>

2. *døma*-klassen:

-a -e -de/-te -t

Etter dette mønstret bøyer ein altså slik:

<i>rønna</i>	<i>rønne</i>	<i>rønnde</i>	<i>rønt</i>
<i>kvila</i>	<i>kvile</i>	<i>kvilde</i>	<i>kvilt</i>
<i>steiða</i>	<i>steiðe</i>	<i>steikte</i>	<i>steikt</i>

Verba som har konsonantane *g*, *m* eller *r* føre endinga, som altså i *flira*, *leiga* osv., får endinga *-de* i preteritum ➤O. Dersom verbet har konsonantane *f*, *k*, *p*, *s* eller *t* føre endinga, blir preteritum laga med å leggja til *-te*: *steiða* – *steikte*, *sløppa* – *sløppte*. Verb som har konsonantane *l* eller *n* framom endinga, kan få anten *-de* eller *-te* i preteritum: *kvila* – *kvilde*, *þøla* – *þølte*, *unna* – *unnte*, *rønna* – *rønnde*.

3. *greia*-klassen:

-a -e -dde -tt

Altså:

<i>greia</i>	<i>greie</i>	<i>greidde</i>	<i>greitt</i>
<i>bøya</i>	<i>bøye</i>	<i>bøydde</i>	<i>bøytt</i>

Når desse verba får tillagt endingane *-dde* og *-tt*, blir altså vokalen framom kort. Typisk for verba i denne klassen er at dei har diftong ➤O framom infinitivs-a-en : *greia*, *sløya*.

4. *meina*-klassen:

-a -a -de/-te -t

Desse verba liknar på *kasta*-klassen i notid og *døma*-klassen i fortid:

<i>svara</i>	<i>svara</i>	<i>svarde</i>	<i>svart</i>
<i>baka</i>	<i>baka</i>	<i>bakte</i>	<i>bakt</i>

Her som i *døma*-klassen finst to endingar i preteritum ➤O alt etter kva konsonant som står framom endinga: *bakte* med –te og *svarde* med –de. Verba som følgjer denne klassen, er helst slike som har éin konsonant etter vokalen: *svara*, *bruka*, *koka* osv.

5. *telja*-klassen:

–a	*– ^å	*–de	*–t
----	-----------------	------	-----

Her set me stjerne framom endingane, for det som først og fremst skil klassen frå *døma*-klassen, er at stammevokalen ➤O i verbet kan skifta:

spyrja	spørå	spürde	spùrt 'spørja'
stynja	stønå	stündे	stùnt 'stønna'

Notidsforma her skil seg òg frå notidsformene i *døma*-klassen ved at dei har ein annan tonegang ➤O; *spørå* er uttalt med det me kallar tonem ➤O 1, mens *rønna* i notid har tonem 2: 'spørå', 'rønne'. Her som i *døma*-klassen bruker ein –te i preteritum ➤O etter visse konsonantar.

6. *nå*-klassen:

–	–r	–dde	–tt
---	----	------	-----

Verba som går etter denne klassen, har inga ending i infinitiv ➤O, og altså –r i notid:

bu	bur	budde	butt
nao	naor	naodde	naott 'nå'

Sterke verb

Dei sterke verba skil seg ut frå dei svake ➤O ved først og fremst å vera særprega av vokalskifte i stammen ➤O mellom bøyingsformene, som me ser f.eks. i *fara* – *førå* – *for* – *fare/fåre*. Her er vokalskiftet altså a – e – o – a/å. Dessutan er det inga ending i preteritum ➤O (*for*), perfektum partisipp ➤O har endinga –e (*fare/fåre*), og i notid bruker ein tonem 1 (*førå*) slik som i det svake verbet 'spørå', jf. ovafor. Dei sterke verba blir også delte inn i klassar, og då etter vokalskifta. Den vanlege inndelinga stiller me opp nedafor, men det er ein del mindre avvik innafor kvar klasse.

1. klasse (i – i – ei – e):

bita	bitå	beit	bete
grina	grinå	grein	grene

2. klasse (*o/y – y – au – å*):

<i>sjota/sjyta</i>	<i>sjytå</i>	<i>skaut</i>	<i>skåte</i>
<i>brjota/bryta</i>	<i>brytå</i>	<i>braut</i>	<i>bråte</i>

3. klasse (*i/ɛ – i/ɛ – a – ù/å*):

<i>brøsta</i>	<i>brøstå</i>	<i>brast</i>	<i>bråste</i>
<i>sleppa</i>	<i>sleppå</i>	<i>slapp</i>	<i>slåppe</i>
<i>drikka</i>	<i>drikkå</i>	<i>drakk</i>	<i>drukkje</i>
<i>springa</i>	<i>springå</i>	<i>sprang</i>	<i>sprunde</i>

4. klasse (*œ/ɛ/e – ɛ/e – a – å*):

<i>bæra/bëra</i>	<i>bærå</i>	<i>bar</i>	<i>båre</i>
<i>sjera</i>	<i>sjerå</i>	<i>skar</i>	<i>skåre</i>

5. klasse (*ɛ – ɛ – a – ɛ*):

<i>drøpa</i>	<i>drøpå</i>	<i>drap</i>	<i>drøpe</i>
--------------	--------------	-------------	--------------

6. klasse (*a – ɛ – o – a/å*):

<i>fara</i>	<i>færå</i>	<i>for</i>	<i>fare/fåre</i>
<i>gala</i>	<i>jelå</i>	<i>gol</i>	<i>gale</i>

Litt meir spesiell bøying har desse **sterke verba** ►O:

<i>be</i>	<i>ber</i>	<i>ba</i>	<i>båe</i>	'be'
<i>je</i>	<i>jir</i>	<i>gav</i>	<i>gåve/jeve</i>	'gje'
<i>slao</i>	<i>slær</i>	<i>slo</i>	<i>sleie</i>	'slå'
<i>sta</i>	<i>støndå</i>	<i>sto</i>	<i>støe/stønde/stae</i>	'stå'
<i>fao</i>	<i>fær</i>	<i>fekk</i>	<i>fønde</i>	'få'

c. Adjektiv

Adjektiva har me hovudsakleg to typar av: 1) dei som endar på *-en* i **oppslagsforma** ►O, og 2) dei som ikkje gjer det. Adjektiva får bøying i samsvar med substantivet dei står til, og dermed får dei slike bøyingar:

- 1) *ein ves'n blom* *ei vesæ hånd* *eit vese tre* *vesne blomar*
- 2) *ein finå stol* *ei fin jënta* *eit fint hus* *fine stolar*

Dermed er bøyingsmönstra slik:

- 1) *-en* *-ɛ* *-e* *-ne*

$$2) \quad -\overset{\circ}{a} \qquad \qquad \qquad - \qquad \qquad \qquad -t \qquad \qquad \qquad -e$$

Dersom substantivet står i bestemt form, blir adjektivet bøygd slik:

- | | | | |
|----|---|---|--|
| 1) | <i>dan galne mannen</i>
<i>dei galne m  nn  na</i> | <i>dan galna k  no</i>
<i>dei galna k  n  na</i> | <i>da galna m  nesje</i>
<i>dei galne m  nesj  </i> |
| 2) | <i>dan fine mannen</i>
<i>dei fine m  nn  na</i> | <i>dan fina k  no</i>
<i>dei fina k  n  na</i> | <i>da fina m  nesje</i>
<i>dei fine m  nesj  </i> |

Dermed er bøyingsmønstra slik:

- | | | | |
|----|-------|-------|-------|
| 1) | $-ne$ | $-na$ | $-na$ |
| | $-ne$ | $-na$ | $-ne$ |
| 2) | $-e$ | $-a$ | $-a$ |
| | $-e$ | $-a$ | $-e$ |

d. Pronomen

Dei personlege pronomena er desse:

Eintal					Fleirtal			
1. pers.	2. pers.	3. pers.			1. pers.	2. pers.	3. pers.	
		hankjønn	hokjønn	inkjekjønn				
subjektsform	<i>eg</i>	<i>du</i>	<i>hann</i>	<i>ho</i>	<i>de</i>	<i>me</i>	<i>de</i>	<i>dei</i>
avhengig form	<i>meg</i>	<i>døg</i>	<i>hann</i>	<i>henne</i>	<i>de</i>	<i>aoko</i>	<i>deko</i>	<i>dei</i>

Dei peikande pronomena i Eidfjord har denne bøyninga:

Eintal			Fleirtal		
Hankjønn	Hokjønn	Inkjekjønn	Hankjønn	Hokjønn	Inkjekjønn
<i>dann</i>	<i>dann</i>	<i>da</i>	<i>dei</i>	<i>dei</i>	<i>dei</i>
<i>dønne</i>	<i>dønna</i>	<i>døtta</i>	<i>dønne/døsse</i>	<i>dønna/døsse</i>	<i>dønne/døsse</i>
<i>hinn</i>	<i>hi</i>	<i>hitt</i>	<i>hine</i>	<i>hina</i>	<i>hine</i>

5. Ord og uttrykk

Her finn du ei samling gamle ord og uttrykk frå Eidfjord. Samlinga byggjer på:

Halldor O. Opedal 1960: *Hardanger-målet: ord og vendingar og stil*. Skrifter frå Norsk målførarkiv XV. Oslo: Universitetsforlaget.

Halldor O. Opedal 1980: *Hardingmålet: ord og vendingar og stil*. Skrifter frå Norsk målførarkiv XXXV. Oslo: Universitetsforlaget.

5.1. Ordsamling

bråll (inkjekjønn) 'ståk og styr, helst om høg og bråkande tale': *Da va eit fæla bråll.*

dùrr (hankjønn) 'bråk': *Da vatt ein fæla dùrr i ȝyrkø dao gut'n ramla ne troppæ.*

eiga (verb) 'føda': *Ho aotte ein sán.*

furing (hokjønn) 'råd, rådgjerd': *Me lyt'å ha ei furing mæ da.*

jeining (hokjønn) 'moro, skøy': *Da æ berre jeiningjæ mæ hann.*

helsùvingùl (adjektiv) 'opp og ned med helsa': *Mannen minn æ so helsùvingùl.*

kværa (verb) 'pistra, lyda svakt': *Da va so mykje da kvære i mannen.*

røkkelæ (adjektiv) 'mykje': *Da va nùkù røkkelæ mæ fålk i ȝyrkø i dag.*

sallen (adjektiv) 'drukken, full': *Hann va gått sallen i jaor.*

sigga (verb) 'minka': *Sinne hadde sigga seg dao hann kåmm heim.*

snabel (adjektiv) 'rask, snar, snau': *Da va snabelt jort.*

tesa (verb) 'knisa, småle': *Ho laog å tesa å lo.*

5.2. Uttrykk

Ynsje hans hågg i land ('nådde fram').

Alder'n æ ein lák lagsmann.

Bråfenge æ bråjenge.

Du ska fao fiska fȳ da. (Kan seiast til nokon som har gjort ei teneste.)

6. Forskjellar

6.1. Yngre og eldre dialekt

I den eldre dialekten kunne ein ha fleirtalsbøyning av verb.

<i>drikka</i>	<i>drikkå</i> (eintal)/ <i>drikka</i> (fleirtal)	<i>drakk</i> (eintal)/ <i>drùkkå</i> (fleirtal)	<i>drùkke</i>
<i>springa</i>	<i>springå</i> (eintal)/ <i>springa</i> (fleirtal)	<i>sprang</i> (eintal)/ <i>sprùngå</i> (fleirtal)	<i>sprùnde</i>
<i>sta</i>	<i>støndå</i> (eintal)/ <i>sta</i> (fleirtal)	<i>sto</i>	<i>støe/stønde/stae</i>

7. Dialektprøver

Slik kan tre dialekttekstar sjå ut skrivne med lydskrift ➤T [eigen art]:

Tekst 1:

Eg ha jakta i fëmti aor, dreve dýrajakt. Me ha lâv å jakta pao viddæ më býrsa eldå jevær å fëlla pao dyr heile sëptember maone. Naor dann tiæ ë ïve, eëke ķøte etande. Dao bjýnde brontiæ, å dao lùkta da tao ķøte pao same vëjen so më ein bükk.

I sùmmar jékk eg te ķeaosen. Vëjen ë styggålë brattå. Eg laut ga ïve skårv å klatra upp stigar. Pao eit sva laog drënkår te å stø sëg pao, so at ein iķķe skù skria utfy flåje å neri injkår jelæ. Mënn eg eëke sùllnigå, mao du tru! Frao aosen saog eg tindar, pikar å nutar.

Informant: Fødd på slutten av 1800-talet.

Tekst 2: ➤L [lyd]

- *Eg trur i jall fall attå komunen ha vå veldi flink. Du kann jo sjao att me ha iddretshall'n her borte, å jall fall fy iddretsintreserte ongdåma så ë da nåkk näkå. Så har di ongdåmsklubb. Ja, musikkkul'n ķeme jo inn. Å, ja, kulturtilbå, eg veit iķķe eg. Da har me vell ein dël åg. Komunen ha øveteķe, ha vell øveteķe ķinoen å, ja.*
- *Ja. Ja, så kino er det inne her?*
- *Ja då, da ë da. Da ë kvar hølg, elle. Så dar ë jo ein dël andre ting åg. Sjøl omm da ë nå iķķe sikkert allti falk stille opp på alt dao, mënn da ë nå sånn. Mënn, så ëg trur komunen, trur ëg, du kann jo sjao børre më utstiling, elle den herre skulpturutstillinjen utanfø komunehuse her. Da ë jo kvart aor no. Ja då, å di har, nærr hotelle, Vøringsfåss hotell vart bygt nytt, da nya, så ë jo komunen me. Så dør har di fënje eitt eie Bergsli-museùm, såmm ë utstilingar. Åg dar ë*

da åg andre så fær stille ut. Menn kor mókje da e fø altså bygdafálk. Dar e nåkk ein go del så e på sånt. Menn da e jo kjanse mest fø turista.

Informant: Fødd i 1943.

Tekst 3: ➤L [lyd]

- *Dætta e ett sjytespel då, såmm e stort blant fålk så kjenne da, farr å sei da sånn. Da e, i Sør-Korea så går da tvæntifår:sævven på tøvø då. Menn da e jo ikke sånne tillstandar i Nårge då, farr å sei da sånn.*
- Nei, men er det, er det, spiller du med folk i hele verden da, på en måte?
- *Ja, de, ja, nei. Da e litt vanskli. Har mæ intørnøtfárbinneleane, går litt seint, å. Ja, de e farr langt, farr å sei da sånn.*
- Ja, okay, men hvem, hvem spiller du med da?
- *Nei, då e da hovedsakli fålk i Nårge, Sværje, Dannmark. Så du spele jo åg kampar då mot franskmen elle...*
- Ja, nettopp.
- *Menn, i mitt, på mitt lag så e da tre norrmæn å ein svænske.*
- Kjenner du de?
- *Ja, du sitte å prate mæ di mæns du spele, å spele nårr du ikke spele åg.*
- Men du har aldri truffet de?
- *Ikkje personleg, nei. Da har eg ikke, menn du føle du kjenne di farr da, likksåm.*
- Kommer du til å treffen de, tror du?
- *Ja, håpa no jer eg.*

Informant: Fødd i 1978.

8. Kjelder med opplysninger om dialekten i Eidfjord

Denne oversikta byggjer på materiale i Målføresamlinga, Nordisk institutt, Sydnesplassen 7, 5007 Bergen. Dessutan er det henta opplysningar frå skriftene nemnde nedafor. I desse kjeldene finn ein også fleire opplysningar enn det som er drege fram her. Ei liste over allmenn dialektlitteratur finn du her ➤ T[eigen art.] og om hardangermålet her ➤ T [eigen art.].

Opedal, Halldor O. 1960: *Hardanger-målet: ord og vendingar og stil*. Skrifter frå Norsk målførarkiv XV. Oslo: Universitetsforlaget.

Opedal, Halldor O. 1980: *Hardingmålet: ord og vendingar og stil*. Skrifter frå Norsk målførarkiv XXXV. Oslo: Universitetsforlaget.

Vidsteen, Chr. 1885: *Oplysninger om Bygdemaalene i Hardanger*. Bergen: I Kommission hos Ed. B. Giertsen.